



## Statens vegvesen

Egil Berland  
Sandvikavegen 141  
5915 HJELMÅS

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 15/207904-1	Dykkar referanse:	Vår dato: 04.11.2015
------------------------------------	--	-------------------------------	-------------------	-------------------------

### Forhåndstilsagn for avkøyrslø frå fv. 391 – gnr. 203 bnr. 43 i Lindås kommune

Vi viser til din søknad om avkøyrslø frå fv. 391, datert 1. august 2015. I søknaden viser du til tidlegare avkøyrslø, som du sjølv har stengt fleire år tilbake, og at du nå ønskjer ein ny trafikkisikker avkøyrslø. I dag står bilane parkert langs fylkesvegen. I søknaden har du foreslått å ha felles avkøyrslø med gnr./bnr. 203/7, som har ei jordbrukstilkømt nær eigedomsgrensa.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs veggen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den veggen det er søkt om avkøyrslø frå.

Fv. 391 har holdningsklasse 4, noe som mellom anna betyr at ny avkøyrslø normalt vert tillate dersom dei tekniske krava til utforming av avkøyrslø vert stetta. Der tilhøva ligg til rette for det, skal tilkomst visast til næraste avkøyrslø.

Statens vegvesen har synfart staden 16.oktober 2015, og er samt i at den beste samla løysinga er å ha ei felles avkøyrslø for eigedommane gnr. 203 bnr. 7 og 43. Vi ser det òg som positivt for trafikkisikkerheten på strekningen å få vekk dei parkerte bilene som står i svingen i dag. Ei utbetring av dagens avkøyrslø vil samstundes gjere tilhøva tryggare for brukar av denne.



Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Søkjer må sjølv gjere naudsynte avtaler med eigar av gnr. 203 bnr. 7, før iverksetting av tiltak.

### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla for Sandvikavegen 141 under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv. 391 – hp 2 – km 1435 /gnr. 203 bnr. 7 og 43 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg*, som ligg på lovdatab.no.
3. Avkøyrsla skal vere felles med gnr. 203 bnr. 7.
4. Fri sikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 60 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter o.l. i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning sør.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg t.d. med betongkant eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 4,5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå nedst på vedlagte skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.
8. Rekkverk må vidareførast for å sikre mot utforkøyring. Rekkverksutforming skal avklarast med Statens vegvesen – Vegseksjon Nordhordland v/Øystein Hagesæther, tlf. 56342954/e-post: [oystein.hagesather@vegvesen.no](mailto:oystein.hagesather@vegvesen.no)
9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisisiktsonene.

**Arbeidsvarsling**

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 15/207974 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

**Vidare saksgang**

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krav, ta kontakt med sakshandsamar. Vi vil då kome på synfaring/kontroll før vi gjev bruksløyve. Endeleg godkjent avkøyrsløyve vert sendt til søkjar, med kopi til kommunen.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Skulstad Marianne  
senioringeniør

Kopi  
Ingvald Fyllingen, Sandvikavegen 138, 5915 HJELMÅS  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*






203/43

	Fv. 391 Sandvikavegen i Lindås kommune
	Avkjørle til gnr. 203 bnr. 43
	30.10.2015
	Målestokk 1:500
Statens vegvesen	

 Siktzone     Avkjørle




# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

